

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
075/22	Formannskapet	PS	07.09.2022
032/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
	Formannskapet	PS	
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/817

## Oppdatering av reglement

Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak i denne saka

### Formannskapet - 075/22

#### **FS - behandling:**

Ordføreren gjorde slikt framlegg: oppdateringen av reglement gjeldt alle reglement forutan delegeringsreglementet.

#### **AVRØYSTING**

Samrøystes vedteke

-----

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Det vert satt ned ei arbeidsgruppe på 3 stk som får i oppgåve å revidere reglementet. Arbeidsgruppa kjem tilbake med ferdig revidert reglement til neste formannskapsmøte.

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

-----

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

Forslag til medlemmer av arbeidsgruppa:

Rita Tveiten

Alf Terje Mortensen

Hjalte Gislason"

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Oppdateringen av reglement gjeldt alle reglement forutan delegeringsreglementet.

Det vert satt ned ei arbeidsgruppe på 3 stk som får i oppgåve å revidere reglementet. Arbeidsgruppa kjem tilbake med ferdig revidert reglement til neste formannskapsmøte.

Arbeidsgruppa har slike medlemmer:

Rita Tveiten  
Alf Terje Mortensen  
Hjalti Gislason

### **Formannskapet - 032/23**

#### **FS - behandling:**

Saka vert trekt og kjem opp som sak på eit seinare møtetidspunkt.

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - vedtak:**

**Saka vert trekt og kjem opp som sak på eit seinare møtetidspunkt.**

#### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Det har ved fleire høve vore noko uklarheit rundt delar av reglementa vi har og som vart vedteke 09.12.20 og 24.02.2021.

Ein finn reglementa i møteportalen øvst under «informasjon», eller på heimesida under: politikk-og-hoyringar/for-folkevalde/: <https://www.osteroy.kommune.no/siteassets/innhald/politikk-og-hoyringar/innkallingsaksdokument/politisk-styringsstruktur-og-reglement-1.0.pdf>

#### **1)**

Rådmannen ønskjer større tydelegheit og avklaring omkring spesielt Formannskapet (FS) og Plan- og kommunalteknisk utval (PTU) og kva som ligg til deira mynde og arbeidsoppgåver.

Det er spesielt i «plan» saker kor rådmannen opplever den politiske rekkjefølgja for handsaming som uklar.

Det vert gjort nokre endringar når det gjeldt akkurat dette ved sist høve, men rådmannen opplever at sjølv om endringane som her vert vedteke vert gjort med god hensikt, så har det ikkje ført til den klarheita det var tiltenkt.

Seinaste tilfelle kor rådmannen synast reglementet har vore uklart var i «kommuneplanen sin arealdel».

I reglement for PTU står det:

- §2 fjerde ledd, første punkt:  
«Utvalet skal gje innstilling til heradsstyret i saker som gjeld:
  - Overordna plan og utvikling knytt til kommuneplanen sin arealdel (KPA)»

I reglement for FS står det:

- §2 femte og sjette ledd:  
«Formannskapet har ansvar for utarbeiding av kommuneplan med langsiktig del og handlingsprogram.

Framlegg til Planstrategi  
Innstilling til heradsstyret i større sektorplanar»

Vidare var det også uklart kva politisk organ som satt med mynde i saka om forskrift knytt til hjorteforvaltninga i kommunen, men der har det no kome ein fornuftig presisering inn.

## **2)**

Delegerte saker – «Reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til rådmannen – oversyn»

1. Det følgjer av §2.3 punkt A og B at mynde i saker som gjeldt handel, sal, servering og skjenking er delegert til rådmann.

Normalt vert slike delegerte saker gitt som meldingssaker fortløpande. I praksis så har det derimot vert svært få «delegerte saker» i heradsstyret sine møter i fleire år. Dei som har vorte meldt frå om er saker kor det er vedteke prikkar til serveringsstader.

Rådmannen skulle ønskje ein meir klarheit i kva heradsstyret ønskjer å sjå nærare av vedtak i slike saker og korleis dette skal leverast til heradsstyret. Dette gjeldt forøvrig ikkje berre «skjenkesakar», men alle saker som er delegert til rådmann. Til dømes så kan kvar einskild sak leverast fortløpande til heradsstyret eller så kan det leverast halvår og/eller heilsårsrapporter. Det siste kan fordre ein meir heilskapleg oversikt og gjere det enklare å samanlikne aktiviteten i kommunen frå år til år.

2. Det følgjer av §2.5 punkt A at det ligg til rådmann å «ta avgjerd i saker innanfor rammene i opplæringslova, barnehagelova og andre relevante lover – så langt desse lovene gir høve til å delegera mynde frå politisk organ til rådmann».

Med bakgrunn i saka om barnehagebruksplanen som vert handsama i oktober/november 2021, kor det vert vist til to søknader frå private barnehagar som vert handsama administrativt, er det noko uklart for rådmann innanfor dagens reglement om dette er saker som skal handsamast reint administrativt utan politisk melding, om det er delegerte saker som skal meldast til heradsstyret (eventuelt formannskap) eller om dette er saker som politikarane ønskjer opp til politisk handsaming for avgjerd.

Når det gjeld private barnehagar (og private skular) er dette saker som normalt er av politisk interesse og karakter. Rådmann ønskjer difor ein klarare ramme for korleis ein skal handtere denne type saker.

## **Vurdering**

På generell basis er det noko uklart kva som skal meldast til heradsstyret, eller eventuelt formannskapet, av delegerte saker. Dersom det er saker som er av interesse for heradsstyret å få meir og lettare innsikt/innsyn/kontroll i og over, ber rådmannen heradsstyret kome med tilbakemelding på kva dei ønskjer opp og at dette i så tilfelle vert tydeleggjort i reglementa, som administrasjonen navigerer etter.

Rådmannen opplever at det politisk ikkje er heilt einigheit i rekkjefølga på politisk handsaming i reglementet og i praksis. Til dømes seier reglementet for FS §2 seier at FS *innstiller* til heradsstyret i større sektorplanar. Rådmannen opplever det uklart om det her er meint at desse sakene ikkje skal gjennom PTU og direkte til FS, eller om dei berre skal via FS som innstiller til heradsstyret, i tillegg til PTU. Rådmannen tenker ut i frå det som står at det er det første som er meint og at PTU difor er ute av «løypa» i desse sakene. Samstundes registrere Rådmannen at PTU ønskjer å gje sin uttale i alle plansaker og gjerne ønskjer meir mynde i desse prosessane. FS sin rolle pr. dags dato opplever difor rådmannen som meir diffus.

Vidare er rådmannen usikker på korleis FS skal eller kan ha ansvaret for utarbeiding av kommuneplan med langsiktig del og handlingsprogram, når PTU skal gje innstilling til heradsstyret i saker som gjeld: Overordna plan og utvikling knytt til kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og alle saker etter pbl. 2008, unnateke slutthandsaming av klagesaker. Dette går ikkje opp.

Endå ein utfordring som ein må takast med i vurderinga av politisk mynde og rekkjefølgje er møtekalenderen. Det er ikkje alltid mogleg at PTU, FS og heradsstyret vert sett opp etter kvarandre i denne rekkjefølgje i møtekalenderen med 1 eller 2 vekers mellomrom. Ein kan sjølv sagt etterstrebe dette, men det vil ikkje alltid vere mogleg å få til, slik vi kan sjå i 2022 kalenderen. Difor vil ein politisk prosess bli unødvendig langvarig (kanskje minimum 6 veker frå første politiske handsaming til endeleg vedtak i heradsstyret), og samstundes unødvendig forkorte administrasjonen sin sakshandsaming, dersom ein plansak skal gjennom alle organ.

Når reglementa skal fastsettast etter kommunelova §11-12, normalt innan det første heile år etter nytt kommunestyre er innsett, må ein også ha i tankane at store planar ofte går over mange år og derav kanskje overlappar fleire kommunestyreperiodar. Reglementa bør difor også ta høgde for dette når ein til dømes endrar på den politiske handsamingsrekjefølga eller avgjerdsområdene. Reglementa burde i denne samanheng presisere at (den eventuelle) endringa gjeldt umiddelbart for alle pågåande planar eller at det berre gjeldt nye planar. Til dømes bør det vere tydeleg om det er «utvalet» i seg sjølv som er arbeidsgruppe/styringsgruppe eller om det er medlemmane som på «delegerings- og starttidspunktet» for planen utgjer arbeidsgruppe/styringsgruppe. Dette vil avgjere om gruppa kan/vil forandre seg undervegs i prosessen eller ikkje.

### **Konklusjon**

Rådmannen vil ikkje rå til korkje det eine eller det andre i denne saka. Det viktigaste er at det vert ein felles politisk forståing og einigheit om korleis ein skal handsame saker og at det er tydeleg kven som skal gjere kva. På denne måten kan administrasjonen jobbe under tydelege føringar og at ein i det politiske kan ha ein god og effektiv handsaming.

Saka vert lagt fram for formannskapet for handsaming og innstilling til heradsstyret